

## Scora to landslagsmål i Syrenka Cup i Polen.

02.09.2017



Harald N. Tangen saman med J15 spelarane Amalie, Thea og Hanna, og faren Rune.

**Siste veka har Syrenka Cup for G16-landslag i fotball føregått i Polen, og vår mann Harald Nilsen Tangen har verkeleg hatt sine positive bidrag. Etter at han gjekk mållaus av banen etter den første kampen mot Portugal der laget noko ufortent tapte 2-3, har den lovande unguten som ættar frå Sanden, scora i dei to siste kampane.**



Laget som starta mot Ungarn i Polen i dag. Harald nr.2 f.h. framme

Mot Ukraina scora Harald sigersmålet på ei flott heading etter 70 minutts spel. Laget vann 2-1 etter at Ukraina først hadde tatt leiinga. I dag spela laget sin tredje og siste kamp i turneringa mot Ungarn, og Harald teikna seg på scoringslista på ny då han gav Norge leiinga 1-0 like etter pause etter at pauseresultatet var 0-0. Kampen er nett avslutta, og det vart ein ny siger, 3-0.

Det er tydeleg at Harald Nilsen Tangen er blitt svært sentral i laget som vert trena av den tidlegare Leeds- og LSK-spelaren Gunnar Halle. Sjølv om det er ein del rotering på laget i slike turneringar, får Harald svært mykje speletid. Både mot Portugal og Ungarn var han i startoppstillinga, medan han kom inn tidleg i andre omgang mot Ukraina.

Harald Nilsen Tangen er no i Viking og har vore i troppen i fleire tippeligakampar trass i at han er berre 16 år. Han er også på blokka til fleire internasjonale toppklubbar m.a. Bayern München. Han har også litt å slekta på. Faren Rune Nilsen var i mange sesongar markant spelar og kaptein på SIF på nest høgaste nivå i Norge. Han hadde tilbod frå Viking, men takka nei. Etter det henta Viking velkjende Bjarne Berntsen som fekk mange landskampar. Eirik Tangen var i si tid eit av dei største talenta i Rogalandsfotballen. Han hadde aldersbestemte landskampar og mange kampar på Viking sitt A-lag. Han er onkel til Harald.

Det vert spennande å følgja den talentfulle ungguten framover.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Thor Inge Døssland og NFF.